

**ALTERNATIVE  
RESULTATMÅL (APM)  
2018**



INDRE SOGN  
SPAREBANK  
ekte lokalbank

## Innhold

Alternative resultatmål (APM) i Indre Sogn Sparebank pr. 31.12.2018.....	3
Måltal lønsemd.....	3
a) Resultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.....	3
b) Egenkapitalrentabilitet .....	4
c) Kostnadsprosent.....	4
Måltal finansiering, soliditet og vekst .....	5
d) Brutto utlån.....	5
e) Brutto utlånsvekst siste 12 måneder .....	5
f) Innskotsdekning.....	5
g) Lån i Eika Boligkreditt AS (EBK) .....	6
h) Totale utlån på egen balanse og under forvaltning.....	6
i) Egenkapitalandel.....	6
Måltal nedskrivningar.....	7
j) Nedskrivning i % av utlån .....	7
k) Tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.....	7
Måltal egenkapitalbevis.....	7
l) Utbytte pr. egenkapitalbevis .....	7
m) Egenkapital pr. egenkapitalbevis .....	8
n) Kurs pr. egenkapitalbevis.....	8

## Alternative resultatmål (APM) i Indre Sogn Sparebank pr. 31.12.2018

Banken avlegg årsrekneskap i tråd med International Financial Reporting Standards (IFRS) som er fastsett av EU. Alternative resultatmål (APMar) er finansielle måltal som ikkje er definert under IFRS.

Banken sine APMar må ikkje sjåast på som ein substitutt for talstorleikar som føl av banken sitt årsrekneskap under IFRS, men som eit supplement. Måltala er dei same som blir nytta for interne styringsføremål og skal bidra til at rekneskapsbrukarane kan få auka innsikt i banken si finansielle stilling og resultat. APMar er presentert i følgjande rapportering frå banken:

- Delårsrapportering under avsnitt «Hovudtal konsern»
- Delårsrapportering under avsnitt «Styret si melding»
- Årsrapportering under «Styret si årsmelding»
- Årsrapportering under avsnitt «Forholdstal»

Banken sine APMar er i det følgjande definert, forklart og avstemt mot relevante storleikar frå årsrekneskapet. Alle APMar er presentert med samanlikningstal. APMane som er nemnt under, har i stor grad vore brukt konsistent over tid.

Banken gjer merksam på at banken sine definerte resultatmål kan avvika frå andre bankar sine definisjonar av likelydande måltal.

### Måltal lønsemd

#### a) Resultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

Banken gir opp alle resultatstorleikar i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Gjennomsnittleg forvaltningskapital er berekna som eit gjennomsnitt av utgåande månadstal siste 12 månader. Det blir vist til avstemming av måлтаlet «tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital» under som illustrerer korleis berekninga er gjort for resultatstorleiken tap på utlån. Måлтаlet er annualisert i delårsrapporteringa.

## b) Egenkapitalrentabilitet

Måltallet angir avkastninga på egenkapitalen til konsernet og reflekterer konsernet si evne til å omsetja kapitalen til lønsam verksemd. For banken er dette eit viktig måltal då det er klar samanheng mellom egenkapitalavkastning, vekstkapasitet og soliditet. Måltallet er annualisert i delårsrapporteringa.

Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):	i 1.000 kr.			Henvising:
	2018	2017	2016	
Resultat etter skatt	20.229	24.973		(A)
Renter på fondsobligasjon etter skatt	-1.863	-1.909		(B)
Resultat etter skatt korrigert for renter på fondsobligasjon	18.366	23.064		(C) = (A) + (B)
Sum egenkapital	404.115	375.917	359.381	(D)
Fondsobligasjon	-40.000	-40.000	-39.895	(E)
Sum egenkapital etter korreksjon for fondsobligasjon	364.115	335.917	319.486	(F) = (D) + (E)
<b>Berekening av nøkkeltal:</b>				
Egenkapitalrentabilitet	5,25 %	7,04 %		(C) for inneverande år/(2 års gjennomsnitt av (F))

## c) Kostnadsprosent

Måltallet reflekterer banken si evne til å omsetja driftsaktivitetane sine (målt gjennom driftskostnader eksklusive tap på utlån) til erverving av inntekt (målt ved totale netto driftsinntekter eksklusive netto gevinst/tap på finansielle instrument). For banken er dette eit viktig måltal då det viser kor effektivt banken blir driven.

Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):	i 1.000 kr.			Henvising:
	2018	2017		
Netto renteinntekter	63.184	60.207		(B)
Netto vinst/tap på finansielle instrument	1.321	3.028		(C)
Netto andre driftsinntekter	33.951	38.533		(D)
Sum driftskostnader før tap på utlån	67.396	64.924		(A)
<b>Berekening av nøkkeltal:</b>				
Kostnadsprosent	70,34 %	67,83 %		(A)/((B)+(D)-(C))

## Måltal finansiering, soliditet og vekst

### d) Brutto utlån

Måtalet reflekterer totale utestående lån med frådrag for endeleg tapsførde lån i balansen til banken. Måtalet er viktig, då det reflekterer aktiviteten i banken si kjerneverksemd, og gir eit bilete av den utestående kreditteksponeringa mot banken sine kundar før det blir teke omsyn til avsetning for forventta tap på utlån.

				i 1.000 kr.	
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>Henvising:</b>		
Utlån til kundar	3.067.723	2.837.223	(A)		
Nedskrivningar	9.831	8.617	(B)		
<b>Brutto utlån</b>	<b>3.077.554</b>	<b>2.845.840</b>	<b>(A) + (B)</b>		

### e) Brutto utlånsvekst siste 12 månader

Måtalet reflekterer utlånsveksten i banken siste 12 månader. For banken er dette eit viktig måltal då det reflekterer aktiviteten og veksten i banken si utlånsverksemd innanfor person- og bedriftsmarknaden. Banken ser veksten i utlånsporteføljen opp i mot den vekstkapasiteten banken har, jamfør beskriving av eigenkapitalrentabilitet.

				i 1.000 kr.	
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>	<b>Henvising:</b>	
Utlån til kundar	3.067.723	2.837.223	2.768.108		
Nedskrivningar	9.831	8.617	14.014		
<b>Brutto utlån</b>	<b>3.077.554</b>	<b>2.845.840</b>	<b>2.782.122</b>	<b>(B)</b>	
Endring i brutto utlån	231.714	63.718		(A)	
<b>Berekening av nøkkeltal:</b>					
Brutto utlånsvekst siste 12 månader	8,14 %	2,29 %		(A)/(B)	

### f) Innskotsdekning

Måtalet viser andelen av banken sine brutto utlån, jamfør definisjon ovanfor, som blir finansiert av innskot frå kundar. For banken er dette eit viktig måltal fordi innskot frå kundar normalt gir banken ein lågare fundingkostnad samanlikna med

marknadsfinansiering i form av obligasjonar. Måtalet viser banken si avhengigheit av marknadsfinansiering.

		i 1.000 kr.	
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap (morbank):</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>Henvising:</b>
Brutto utlån	3.077.554	2.845.840	(A)
Innskot frå kundar	2.865.534	2.715.848	(B)
Innskotsdekning	93,11 %	95,43 %	(B)/(A)

#### g) Lån i Eika Boligkreditt AS (EBK)

Måtalet viser totalt uteståande lån som banken har formidla til Eika Boligkreditt AS (EBK). Måtalet er viktig då det reflekterer det vedvarande inntekspotensiale frå forvaltning av lån formidla til EBK.

		i 1.000 kr.	
	<b>2018</b>	<b>2017</b>	
Lån i Eika Boligkreditt AS	1.092.653	1.141.709	

#### h) Totale utlån på eigen balanse og under forvaltning

Det vert vist til beskriving av «Lån i Eika Boligkreditt AS» ovanfor. For banken er dette eit viktig måltal, då det reflekterer den samla aktiviteten og veksten i banken si utlånsverksemd.

		i 1.000 kr.	
<b>Relevante talstorleikar:</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>Henvising:</b>
Brutto utlån	3.077.554	2.845.840	(A)
Eika Boligkreditt AS	1.092.653	1.141.709	(B)
Totale utlån på eigen balanse og under forvaltning	4.170.207	3.987.549	(A) + (B)

#### i) Eigenkapitalandel

Måtalet viser andelen av banken sine totale eigendelar som er finansiert ved total bokført eigenkapital. Måtalet er viktig fordi det gir eit bilete av banken sin soliditet uavhengig av korleis banken sine eigendelar er risikovekta etter kapitaldekningsreglane. Målet viser banken sin buffer mot verdifall på banken sine eigendelar.

		i 1.000 kr.	
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>Henvising:</b>
Sum eigenkapital	404.115	375.917	(A)
Sum eigendelar	3.746.803	3.512.025	(B)
Eigenkapitalprosent	10,79 %	10,70 %	(A)/(B)

## Måltal nedskrivningar

### j) Nedskrivning i % av utlån

Måtalet viser kor stor del av brutto utlån det er føreteke nedskrivningar for forventa tap på. Måtalet er viktig fordi det gir informasjon om banken si kreditteksponering og risikonivået i utlånsporteføljen.

i 1.000 kr.

Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):	2018	2017	Henvising:
Utlån til kundar	3.067.723	2.837.223 (A)	
Nedskrivningar	9.831	8.617 (B)	
Brutto utlån	3.077.554	2.845.840 (C) = (A) + (B)	
Nedskrivning i % av utlån	0,32 %	0,30 % (B)/(C)	

### k) Tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

Måtalet viser banken sitt resultatførte tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Måtalet er viktig fordi det gir eit relevant bilete av utviklinga i tap på utlån over tid. Måtalet er annualisert i delårsrapporteringa.

i 1.000 kr.

Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):	2018	2017	Henvising:
Tap på utlån	4.596	3.898 (A)	
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	3.677.463	3.478.800 (B)	
Nedskrivning i % av utlån	0,12 %	0,11 % (A)/(B)	

## Måltal eigenkapitalbevis

### l) Utbyte pr. eigenkapitalbevis

Måtalet viser styret sitt framlegg til utbyte pr. eigenkapitalbevis. Måtalet er viktig, då det kan nyttast til å berekna eigenkapitalbevisegarane si direkteavkastning.

Relevante talstorleikar:	2018	2017	Henvising:
Disponering utbyte på eigenkapitalbevis (i NOK 1.000)	1.265	0 (A)	
Tal eigenkapitalbevis (i tusen)	632,5	632,5	
Utbyte pr. eigenkapitalbevis NOK	2	0 (A)/(B)	

### m) Eigenkapital pr. eigenkapitalbevis

Måltallet gir informasjon om verdien av eigenkapital pr. eigenkapitalbevis målt på balansedagen. Eigenkapitalstorleiken som blir nytta er korrigert for uteståande beløp på fondsobligasjon. Måltallet er viktig fordi det gir eigenkapitalbevisegarane i banken ein målestokk for å vurdere eigenkapitalbevisa si prising i aksjemarknaden på balansedagen.

	i 1.000 kr.		
<b>Relevante talstorleikar (morbank):</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>Henvising:</b>
Sum eigenkapital	400.837	373.498	(A)
Fondsobligasjon	40.000	40.000	(B)
Sum eigenkapital korrigert for fondsobligasjon	360.837	333.498	(C) = (A) - (B)
Eigenkapitalbevisegarbrøk 31.12.	32,48 %	32,50 %	(D)
Tal eigenkapitalbevis (i tusen)	632,50	632,5	(E)
Bokført eigenkapital pr. eigenkapitalbevis NOK	185,30	171,36	$((C)*(D))/(E)$

### n) Kurs pr. eigenkapitalbevis

Måltallet gir informasjon om kursen (siste) pr. eigenkapitalbevis, og er henta frå Oslo Børs på siste handledag i rekneskapsåret. Måltallet er viktig fordi det viser korleis banken er prisa i eigenkapitalmarknaden på balansedagen.

	<b>2018</b>	<b>2017</b>
Kurs pr. eigenkapitalbevis siste handledag NOK	104,00	81,50





INDRE SOGN  
SPAREBANK  
*Ekte lokalbank ved di side*

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.ISSB.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO

Øvre Årdal – Årdalstangen – Lærdal – Sogndal – Bergen